



## Nyheitsbrev frå Aukra kommune



### Formannskapet si innstilling til budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026

Aukra formannskap har i møte den 28. november innstilt til budsjett 2023 og økonomiplan med handlingsdel 2023-2026. Kommunestyret skal behandle og vedta budsjett og økonomiplan den 15. desember.

[Les Formannskapet si innstilling til budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026](#)



Fotograf: Einar Engdal

### Grensejustering Ona-Sandøy-Gåsøya

På bakgrunn av at regjeringa har opna opp for å reversere tvangssamanslåtte kommunar, har Statsforvaltaren i Møre og Romsdal motteke søknad om utgreiing av grensejustering av øyane Ona og Sandøy, samt Gåsøy frå Ålesund kommune til Aukra kommune. Det er kommunal- og

distriktsdepartementet (KDD) som avgjer om det skal settast i gong utgreiing av ei grensejustering. Dei to kommunane blir bedt om å gje ei uttale til søknaden før saka blir sendt over til KDD. I følgje kommunestyrevedtak frå 11. november 2022, er Aukra kommune positiv til at det settast i gang utgreiing av grensejustering mellom Aukra kommune og Ålesund kommune. Kommunestyret sitt vedtak blir sendt over til Statsforvaltaren.



**Visste du at** Pleie- og omsorg har eiga Facebookside? Her kan du følge livet på omsorgs-senteret. Ta ein titt for å sjå kva som rører seg.

Følg PLO på Facebook




**Arrangement på Aukra kulturhus i desember** finn du på kulturhuset si heimeside. Der finn du både konsertar, humorshow og kino.

Sjå arrangementa på kulturhuset si side



**Matavfallsposar** frå RIR er no delt ut til alle husstandar. Du kan ta i bruk posane med ein gong. Frå januar må du bruke posane.

Les om matavfallsposar på RIR si side



## På nyttårsaftan blir det felles fyrverkeri ved kulturhuset.

Oppskytinga blir kl. 20 eller 21. Kulturhuset vil vere ope i framkant av oppskytinga. [Innhaldet i arrangementet er ikkje klart så følg med på Vennelaget si Facebookside for meir informasjon.](#) Oppskytinga av fellesfyrverkeriet blir utført av sertifiserte pyroteknikkar frå Krohn Pyroteknikk. Dersom det av vêr- eller sikkerheitsmessige årsaker skulle bli avlyst, vil oppskytinga flyttast til ein dag eller helg etter nyttårsaftan.

Les meir om felles fyrverkeri på Vennelaget si side på Facebook

## Helseplattformen - ein innbyggjar, ein journal

St. Olavs har teke i bruk Helseplattformen i november 2022. Tek du i



mot tenester frå St. Olavs, kan du no finne opplysningane dine i Helseplattformen sin app HelsaMi. Helse Møre og Romsdal skal ta i bruk Helseplattformen april 2023 og Aukra kommune vert kopla på i løpet av hausten 2023.

[Les meir om Helseplattformen](#)

[Høyr orientering om Helseplattformen i Aukra kommunestyre](#)



#### Helsing frå kommunedirektøren

Året 2022 er mitt fyrste heile år som kommunedirektør i Aukra kommune. Når året no går mot slutten vil eg fortelje deg kva eg er aller mest stolt av i kommunen vår. Det er dei tilsette. Utan tvil! Det er ikkje ein einaste time i året utan at vi har tilsette i arbeid. 24 timar i døgnet går dei i front for å gje gode tenester til innbyggjarane. Eg er stolt over å vere øvste leiar for ein slik flott gjeng. Framover vil vi som kommune møte fleire utfordringar, blant anna at det blir færre som må ta vare på fleire. Det skyldast framskrivinga av folketalet med færre barn og unge, færre borgarar i arbeidsdyktig alder og fleire eldre. Når færre skal ta vare på fleire vert det auka behov for omstilling, god rekruttering, nye tekniske løysingar og nye, smarte måtar å løyse oppgåvene på. For å finne dei gode løysingane må laget bestå av tilsette og leiarar med kunnskap, erfaring, kreativitet, positivt engasjement og god forståing for både dagens og morgondagens utfordringar innan sitt arbeidsområde. Med dei tilsette i Aukra kommune på laget er kommunedirektøren



#### Helsing frå ordføreren

Det skjer mykje positivt i Aukra kommune ved inngangen til adventstida. Det er eit yrande liv kvar dag og helg på vårt nye kulturhus. Ein imponerande innsats frå frivilligheita og tilsette som eg er mektig imponert over. Julegrana vart i går tent i Julsundet, ved Aukra kulturhus og ved omsorgssenteret med god musikk frå korpsa våre. Kommunestyret skal den 15.12.22 vedta neste års budsjett og økonomiplanen vidare. Eg trur og håpar at vi politikarar no kan einast om at det framlagde budsjettet frå administrasjonen er godt og gjennomarbeida. Eg veit at dette har vore ein krevjande prosess for alle einingane. Så må det sjølv sagt vera rom for at vi som politikarar får setja fram og lagt inn små endringar og tilføyingar, for å sette partia sitt stempel på nokre av postane. Vi er no i ein spennande innspurt rundt Kjerringsundet knytt opp mot Møreaksen og saka kjem på nytt i kommunestyret på nyåret der svara frå KS2 (konsekvensutgreiing) er innarbeida. Saka går deretter

trygg på at vi skal greie utfordringa i saman.

til endeleg handsaming i fylkestinget før sommaren.

Nyt adventstida og senk skuldrane, jula kjem like fort kvart år. Eg gler meg til at vi i år og kan få feira jul i lag med familie og vener.

Vi må og ikkje gløyme at vi har fått mange nye innbyggjarar blant oss som går ei spent jul i møte utan at dei har alle sine næraste rundt seg.



## Våre publiserte nyheitsbrev

Du finn våre tidlegare nyheitsbrev på Aukra kommune si heimeside.

[Tidlegare nyheitsbrev](#)

## Kva skjer i kommunen?

**4. desember**

**Kino**

kl. 17.00 En annerledes verden

kl. 19.00 Devotion

[Les meir på bygdekinoen.no](http://bygdekinoen.no)

**6. desember**  
**13. desember**

**Digital kafé** på Soltun scene kl. 18.00 - 20.00. Aukra pensjonistlag og Aukra kommune inviterer alle som ønsker det til digital kafé. Enkel servering.

**15. desember**

**Kommunestyremøte** kl. 13.05 i kommunestyresalen.

[Du kan følge møtet via KommuneTV.](#)

**16. desember**

**Jul på Romsdalsk** kl. 19.00-20.30 på kulturhuset. [Du kan lese meir om arrangementet i kalenderen på vår heimeside.](#)

**18. desember**

**Kino**

kl. 17.00 Pus med støvler - Et siste ønske

kl. 19.00 Avatar - The Way og Water

[Les meir på bygdekinoen.no](http://bygdekinoen.no)

**28. desember**

**Ka va det i sa?** Humorshow med Arild Hoksnes kl. 19.00-21.00 på kulturhuset. [Les meir om arrangementet i kalenderen på vår heimeside.](#)

**31. desember**

**Felles fyrverkeri på kulturhuset**

[Les meir på vennelaget si Facebook-side](#)

**Desember****Arrangement på Aukra kulturhus**[Besøk Aukra kulturhus si heimeside for å finne alle arrangement.](#)**Skriv til oss****AUKRA KOMMUNE**Nyjordvegen 12  
6480 AUKRA[Epost](#)  
[E-dialog](#)  
[Kontakt skjema](#)**Snakk med oss****SENTRALBORDET**Mån - fre: 09.00 - 14.30  
Telefon: 71 17 15 00[Finn ein tilsett](#)  
[Personvern og](#)  
[informasjonskapslar](#)**Besøk oss****KOMMUNEHUSET**

Mån - fre: 10.00 - 14.00

Nyjordvegen 12  
6480 AUKRA[Vis i kart](#)*Aukra – full av energi*[Meld deg av nyheitsbrevet](#)